


HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK




ÅRGANG 78

NR. **03** NOVEMBER 2025

«Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod
om ei stor glede, ei glede for heile folket.
I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by.
Han er Den salva, Herren!»

(Lukasev. kap. 2)



Arnafjord kyrkje i vinterdrakt

Julekort

Av biskop Ragnhild Jepsen



Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: "Kjære Jesus". Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var.

Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere

truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske glede:

«Isais rotskot skal koma,
han som reiser seg
og rår over folka, til han skal
folkeslaga setja si von.
Må Gud, som gjev von,
fylla dykk med all glede og fred
i trua, så de kan vera rike på von
ved Den heilage andens kraft.»

(Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie:

Kjære Jesus!

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

Kjære Jesus, det er du som skal kome.

Av den tørraste kvist skal von springe fram.

Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.

Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.

Amen.



Opning av «Ein inngang for alle»

Av Turid K. Brekke



Lilly (4 år) og kyrkjevevjerje Turid Brekke held det raude bandet saman med soknerådsleiar Reidunn Bolstad, mens ordførar Roy Egil Stadheim klypper.

Sundag 28.09, rett før gudstenesta, vart den nye universelt utforma inngangen til Vik kyrkje offisielt opna av ordføraren.



Rampen kan brukast til helsing, smil og prat ...

Det er mange som står bak dette prosjektet. Soknerådet i Vik med leiar gjennom mange år, Reidunn Bolstad, tok initiativ til å starta prosessen. Etter kvart kom det inn ei anonym penge-gåve som gav prosjektet meir kraft og det vart danna ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa vurderte ulike alternative løysingar og landa hovudkonseptet med å løfte opp eksisterande skiferdekke til ein stor, felles rampe: Ein inngang for alle. Vik kyrkjelege fellesråd

tok over prosessen med prosjektleiar, Marit Andersen, og byggeleiar, Nils Kvamme. Etter møte med kyrkjebyggansvarleg i Bjørgvin Bispedømme vart det gjort mindre justeringar på utforming og endeleg godkjenning kom på plass.

Prosjektet hadde ikkje vore mogeleg å gjennomføre med pengегåva aleine og i godt samarbeid med kloke politikarar og administrasjonen i Vik kommune var det sett av naudsynte midlar på investeringsbudsjettet.

No i haust fekk også
prosjektet ei gåve frå
«kyrkjeringen».

Røyrvik Bygg og Betong
har vore utførande
hovudentreprenør.

Ordføraren avslutta
med fylgjande ord før
han klypte snora:

“

*I 2027 er denne
kyrkja 150 år, truleg
skal rampen stå i dei
neste 150 åra? Tenk
på alle som skal gå her
i åra som kjem!*

*Her skal me gå på veg
til gudsteneste, her
skal me slå av ein
prat med kjenningar
på julaftan, her
skal me fylgja
familiemedlemmar til
dåp og konfirmasjon,
her skal me gå i sorg i
grauferder og her skal
me jubla saman med
brurepar. Me skal gå
her i sorg og glede.*

*Og i dag er det med
glede og med dette
erklærer eg at «ein
inngang for alle» er
opna!*

”

*Bilete før (øvt) og etter
(nedst) av kyrkjeinngangen.*



Festlig avskilsgudsteneste for Karen og Rasmus



Prost Kjell Olav H. Nordheim takkar presteparet ved avskilsgudstenesta 28. september i Vik kyrkje.

Takk til Karen og Rasmus

Karen og Rasmus kom som prestepar til Vik i 2020. Karen har vore sokneprest og Rasmus fengselsprest/prostiprest. Han har også vikariert som sokneprest i to periodar då Karen var i foreldrepermisjon. Dei rakk å verta godt kjent i kommunen og i alle sokna våre. Dei har fått fylgja slekter i glede og sorg; gjennom dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

Bygda vart gilde i prestefamilien og sette pris på deira involvering og engasjement! Karen var synleg med sin strikkehobby og innførte strikkesgudsteneste som gledde mange.

Som fyrste kyrkjelyd i prostiet, fekk me oppretta tradisjon med «Drop-in», eit tilbod til dei som ynskjer vigsel eller dåp i ei enkel ramme. Tilbodet har vore nytta av brudepar både i og utanfor kommunen.

Karen og Rasmus har satt spor etter seg. Me saknar prestane i si gjerning og familien med sine to små døtre Lilly og Agnes Marie. Me takkar for åra deira i Vik og ynskjer dei lukka til med nye oppgåver i Telemark!

Marit Andersen



Det vart ei festlig gudsteneste, der m.a. prosten sang saman med Gygrene.

Strikkesalme, brukt i Karens strikkegudstenester:

Du er mi renning

*(T: Marit O Kaldhol. M: irsk folketone,
Deg å få skode)*

Du er mi renning, i deg ligg eg fast.
Bind meg til deg lik eit segl til si mast.
Du er min himmel, du vever mitt liv.
Eg er som graset, det skjøraste siv.

Du er min himmel, mi jord og min vind,
du vever kyss på min kjærastes kinn.
Gud, du vever vennskap, legg tråd inntil
tråd,
kler meg i tillit til kjærleikens bod.

Du er min kjøle, i deg er eg fin.
Mjukaste ullstoff og sterkaste lin.
Du, min Gud, er duken som dekker mitt
bord,
gir meg din morgon, ditt lys og ditt ord.

Du er min spegel, i deg får eg sjå
bildet i veven med perlemor på.
Vev meg, du, eit teppe, ein båt for min
draum.
Lær meg å vere eit sting i din saum.

Lær meg å strikke, å veve og sy
framtid og voner, Jerusalem by,
senger for dei trøtte og telt for dei små.
Du er mi renning og eg er din tråd.



*Ved same gudsteneste fekk vår nye
kyrkjeverje Turid K. Brekke sitt
tenestebrev.*



*Hele fire geistlige stod klar til å helse på
etter gudstenesta – på kyrkja sitt nye
inngangsparti.*

Babysong

KYRKJESTOVA, TYSDAGAR KL. 11

Babysong er eit tilbod til alle babyar som finn vegen til kyrkjestova saman med sine føresette som har permisjon. Hjarteleg velkomne til koseleg samlingar med songar, regler og sosialt samvær!

Babysong er ein del av trusopplæringa for kyrkja i Vik. Alle er velkomen og ein treng ikkje å vera medlem i kyrkja for å delta. Me syng kristne songar men har også fleire kjære «almenne» barnesongar og regler med bevegelsar. Kjekke frivillige lagar til enkel servering til dei frammøtte. Me har ikkje påmelding, så det er berre til å møte opp når det passar å koma. Det kostar kr 20,- per gong.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med Turid K. Brekke, mobil: 92 22 85 93.
Hjarteleg velkomne til babysong!



BABYSONG HAUSTEN 2025 – VÅREN 2026:

Oktober: 14.okt. – 21.okt. – 28. okt.
November: 4. nov. – 11. nov. – 18. nov. – 25. nov.
Desember: 2. des.
Januar: 20. jan. – 27. jan.
Februar: 3. feb. – 10. feb. – 24. feb.
Mars: 3. mar. – 10. mar. – 17. mar. – 24. mar.

**Bilete fra
trusopplæringa i Vik
hausten 2025, då Vik
kyrkje ennå var stengt...**

6-åringar fekk bok av
kyrkja på gudstenesta
i Kyrkjestova – her
saman med prest Stein
Oltedal



Kvardagsskule – for gutar og jenter!

KYRKJESTOVA, MÅNDAGAR KL. 17.30-18.15

VIK KVAR DAGSSKULE er søndagsskule på ein kvardag og er for gutar og jenter frå ca. 3 år og oppover. Vi er tilslutta Norsk Søndagsskuleforbund, og vi er ein del av Vik kyrkjelyd sitt barne- og ungdomsarbeid.

Vi har ein liten andakt, og elles syng vi i lag og har m.a. ein teikneaktivitet. Dei største ungane – frå 3. klasse og oppover – har eit eige opplegg i deler av tida. Dei som vil, har med litt pengar til barn som ikkje har det så godt som vi her i Noreg. Det er kjekt om foreldre eller eldre søsken er med. Vi vonar at DU har lyst til å koma!!!

Tove Geithus og Karen Tangstad



KVARDAGSSKULE HAUSTEN 2025 – VÅREN 2026:

Oktober: 13.okt. – 20.okt. – 27. okt.

November: 3. nov. – 10. nov. – 17. nov. – 24. nov.

Desember: 1. des.

Januar: 19. jan. – 26. jan.

Februar: 2. feb. – 9. feb. – 23. feb.

Mars: 02. mar. – 09. mar. – 16. mar. – 23. mar.

Dugnad i Vik

24.4.25 var det dugnad på kyrkjegardane Vik, Hopperstad og Hove. Vik Sokneråd stilte med enkel servering. Ca 20 frivillige møtte opp og var med å rydda kyrkjegardane.

Hovudsakleg var den største jobben ved Vik kyrkje. Der raka me lauv, vaska benkane ute og gjorde uteområdet fint til våren og sommaren.

Innvendig i kyrkja vaska og støvsugde me alle vindaugskarmane og tørka støv i kyrkja. Ein kjekk ettermiddag med ca 20 frivillige som møtte opp. Oppmodar alle som har høve til å møte opp til neste år til ny dugnad på kyrkjegardane våre.

Kristin Jordalen



Prosten inviterte til felles samrådsmøte for sokneråda i Vik.



*Kjell Olav Høstaker
Nordheim*

30. september inviterte prost, Kjell Olav Høstaker Nordheim, alle sokneråda i kommunen til felles samrådsmøte.

På dagsorden stod utlysingstekst for ny prekestilling i Vik, gudstenesteforordninga, utkast til gudstenesteplan for juledagane og samarbeid mellom sokneråda.

På møtet stilte Vik sokneråd og Fresvik sokneråd, samt tilsette på kyrkjekontoret.

Ny prekestilling i Vik

På møtet drøfta vi oss gjennom forslag til utlysingstekst og i midten av oktober vart stillingsannonse med tittel «Sokneprest og fengselsprest i Sogn prosti med sokna i Vik og Vik fengsel som tenestestad» offentleggjort. Søknadsfrist

var i november. Det vert spanande tider framover, vi håpar på gode søkarar og at vi kan ynskje ny prest velkomen til Vik i løpet av våren 2026!

Gudstenesteforordninga

Prosten informerte om at biskopen har sett i gang arbeid med å fornya gudstenesteforordninga. Arbeidet er delt inn i tre fasar. Fyrste fase er å kartlegge eksisterande gudstenestetale og -rytme, andre fase handlar om å samtale om gudstenestelivet i kyrkjelydane og i den tredje fasen skal prost utarbeide eit framlegg til forordning av gudstenester som skal sendast på høyring til dei sokna der ein vil foreslå endring. Tidsramme for denne siste fasen er sett til 2025-2026.

På møtet la prost fram ei oversikt over tal gudstenester per år i dei forskjellige sokna i åra etter pandemien. Det er ein nasjonal trend at tal gudstenester har gått noko ned sidan pandemien, medan talet besøkande totalt sett har gått opp.

Prosten reflekterte rundt dette med at eit mindre tal gudstenester kanskje frigir meir ressursar til både planlegging og gjennomføring? Kanskje er det slik at dei

gudstenestene som har eit tema, eller der enkelte grupper vert spesielt inviterte, treff fleire av oss? Med bakgrunn i dette oppmoda prost sokneråda om å laga årshjul for gudstenestene der kvar gudsteneste får sitt særpreg slik som t.d. hausttakkefest, utdeling av 4-årsbok m.m.

Gudstenesteplan for juledagane

På fengselet vert det lagt opp til ei førjulssamling eller gudsteneste på ein av kvardagane før jul. For 24.12 legg ein opp til ein rullering med dei tre kyrkjene i Fresvik, Vangsnes og Feios, slik at to av dei får gudsteneste på julaften kvart år (kl 12.00 og kl 14.00). Det året det ikkje vert gudsteneste i ei kyrkje minna prost oss på at det er mogeleg at sokneråda og lokale krefter lagar eit eige arrangement i kyrkja på julaften, kanskje kan ein møtast og synge jula inn saman? I Arnafjord vert det lagt opp til gudsteneste 1. juledag og i Vik kyrkje held vi fram som før med gudsteneste 24. og 25. samt nyttårsaftan.

Samarbeid mellom sokneråda

Prosten viste til at det finst ulike modellar for samarbeid, alt

frå å samarbeide om enkelte arrangement til samanslåing av sokna. Han la ikkje skjul på at for søkjarar på prestestillinga kan det å halda møte i 5 sokneråd verta sett på som lite attraktivt. Det har også vore utfordring knytt

til å greie å stille lister ved soknerådsvale. Neste soknerådsvale er i 2027, det betyr at ein bør ta stilling til samarbeidsform på sokneråda sine årsmøte i 2026. Prosten skal utarbeide ei tilråding for samarbeidsmodell som

kvart enkelt sokneråd skal handsame.

Turid K. Brekke
kyrkjeverje

Konfirmanjubleum i Vik



50-års konfirmentar i solen utanfor Vik kyrkje laurdag d. 27. september. Flg. Deltok i jubileet: Laila Fjærestad, Eivind Helleland, Frode Valsvik, Bente Turvoll, Siv Grønningen Myrkaskog, Harald Even Fosse, Dagmar Veule, Tove Helgås, Geir Utmo, Anne Marie Kleven, Per Morten Fosse, Ann Elin Wahl, Anne Marit Grov, Svein Seljestø, Anngunn Feet, Svein Inge Hove, Martin Ove Holen.

NYTT FRÅ FRESVIK SOKNERÅD:

Hausttakkefest i Fresvik kyrkje 5. oktober



Hausttakkefesten kom litt kjapt på soknerådet denne gongen, men likevel klarde vi å få ei fint pynta kyrkje denne søndagen.

Det var første gudstenesta i Fresvik til prest Stein Oltedal, så vi gleda oss til å treffe han.

Det møtte mange både store og små, og soknerådet gleda seg særleg over at så mange born var med.

Presten tok både store og små med på ei litt uvant gudsteneste som var kjekk for alle som tok del.

Takk til alle som var med!

SVEASTEMNA 2025

Den tradisjonelle Sveastemna blei skipa til søndag 31. august. Denne gongen var det ikkje nokon prest som kunne delta, men kyrkjekontoret hadde ordna med at Frelsesarmeen sto for heile arrangementet.

Det møtte opp godt med folk frå heile kommunen, og det var ei glede å fylgje Frelsesarmeen gjennom dagen. Sjølv sagt blei det servert kaffi og kaker, som Soknerådet hadde ordna.

Laila og Jostein Sveen opnar gjestmildt opp Svea år etter år, noko som soknerådet og alle som deltek set stor pris på.

50 års konfirmant jubilea i Fresvik kyrkje 2025

I Fresvik var det i fleire år tradisjon med å ha fest for 50 års konfirmantane annakvart år. Sidan det var gått ein del år utan treff, så samla vi laurdag 14. juni heile 10 årskull. Dei som var fødte mellom 1952 og 1961 blei inviterte.

Det blei ei fin stund i kyrkja, der gudstenesta blei avslutta med at alle konfirmantane vart presentert puljevis. Og det blei tent lys for dei som var gått bort.

Soknerådet vil takke alle som deltok og spesielt sende ei takk til prest Rasmus som stilte opp og arrangerte ei eiga gudsteneste for gullkonfirmantane denne laurdagen.



Gyda Bøtun

Drop-in-dag 2025 på Vangsnes

«Kva treng dykk for å gifte dykk i kyrkja 30. august? Ikkje noko meir enn gyldig prøvingsattest frå Skatteetaten.»

Det var slik vi skrev i annonsen og i siste kyrkjeblad - og i likhet med året før ble det bryllaup på den annonserte dagen.

I år var det Vangsnes kyrkje, som var ramme om høgtideligheten, og prost Kjell Olav Nordheim, som stod for vigslen.

Dåp vart det også denne dagen, av ein kommande konfirmant – hvor innbydelsen i siste blad lød:

«Vi held ein enkel dåpsseremoni for dei som ynskjer å døypa seg. Vi tek imot menneske i alle aldra til dåp.»

Drop-in-dag ser ut til å vere en tradisjon som er komen for å bli her i våre kyrkjer i Vik – veldig viktige ting kan til tider organiserast på ganske enkelt vis, som vi også skreiv i annonsa:

«Kyrkja ordnar feiringa! Vi serverar kake, kaffi og (alkoholfrie) boblar til bruddefylgjene og dåpsfylgjene etter seremoniane.»




Kyrkjemusikk i Vik til Advents- og Påsketid

VIK KYRKJE
14. DESEMBER KL. 19.00

Sæle julekveld

Vi syng jula inn – gudsteneste etter den engelske tradisjonen med ni lesningar og julesangar.

Sammensatt kor;
Arne Aksel Kirk Olden-Wikestad, orgel;
Vidar Vikøren, orgel og korleing;
Stein Oltedal, liturg.



VIK KYRKJE – LANGFREDAG
3. APRIL 2026 KL. 19.00

«BACH I DEN STILLE VEKA»

VIDAR VIKØREN

SPELAR ORGELVERK AV JOHANN SEBASTIAN BACH
SKRIFTLESING OG LITURGISK AVSLUTNING

ANDRE KONSERTAR

Onsdag 5. november kl. 18.00
GAMLE KARAR på Kyrkjestova

Laurdag 29. november kl. 15.00
VIK SONGLAG i Arnafjord kyrkje

Laurdag 29. november kl. 17.00
VIK SONGLAG i Vik kyrkje

Laurdag 6. desember kl. 16.00
Julekonsert i Fresvik kyrkje

Søndag 7. desember kl. 17.00
JULESONG i Vik kyrkje

ADVENT- / JULEAVSLUTNING I BARNEHAGE OG SKULE



Torsdag 4. des. kl. 10.00:	Barnehagegudsteneste i Vik kyrkje
Fredag 5. des. kl. 10.00:	Barnehagegudsteneste i Vangsnes kyrkje
Fredag 5. des. kl. 13.00:	Barnehage- og skulegudsteneste i Fresvik kyrkje
Onsdag 17. des. kl. 18.00:	Barnehage- og skulegudsteneste i Feios kyrkje
Fredag 19. des. kl. 10.00:	Skulegudsteneste i Vik kyrkje

Julefest for små og store

vert tradisjonen tru arrangert i Kyrkjestova

**3. JULEDAG,
LAURDAG 27. DES. KL. 16.00**

Det blir servering, gang kring juletreet,
englelotteri m.m.

Fri inngang – hjarteleg velkomen!

Vik sokneråd



Kyndelsmessebasar

vert arrangert på Kyrkjestova

**LAURDAG
31. JANUAR KL. 15.00**

Loddsalg frå kl. 14.00.

Inntekt til Det Norske Misjonsselskap.

Kyrkjestova Misjonslag & Flatbygdi Kvinneforening

Prestens refleksjonar

Stein Oltedal er vår fungerande sokneprest i Vik prestegjeld og tidlegare tilsett i heimearbeidet i Det norske Misjonsselskap (NMS).

Misjonsarbeid i bygdene våre - før og no

Det er ikkje mange år sidan at det var ei eller fleire misjonsforeningar i mest kvar ei bygd i Norge. Mange var med i misjonsarbeidet. Basarar og foreiningsmøte var viktige.

Basarane var på faste dagar, arrangerte med kaffilukt, loddsal og fellesskap. Ein visste eller ante, at ein var med på noko stort. Dette var arbeid for Guds Rike.

No er det få misjonsforeningar att, men vi kan lese Bibelen, be og vere orientert om det store som skjer i Guds Rike i mange land. Guds rike kjem. Der to og tre samlast i Jesu namn, der har han lova å vere midt iblant dei.

På gudstenestene våre er misjon eit innslag i kyrkjebøna. Mange av sokneråda har samarbeidsavtalar med ein misjonsorganisasjon. Kyrkjelydane gjev misjonsoffer og får misjonsinformasjon.

Abonnement på misjonsjonsbladet for Det

Norske Misjonsselskap (NMS) vart sendt gratis til alle som ynskjer det. (tlf. 51516100)

Takk til dei som endå samlast til foreiningsmøte og basarar. Takk til alle personar med misjons glede. Takk til sokneråd som fører misjonsarbeidet vidare.

Småbarnsfamiliar på gudstenester - tankar og råd.

Småbarnsfamiliar går ikkje på gudsteneste, utan når det er barnedåp i familien. Kyrkjelyd, småbarnsforeldre, prest og tilsette veit kor vanskeleg det vert opplevd at våre gudstenester ikkje er tilrettelagt for born.

Jesus sa at vi må bli som barn, for å koma inn i Guds Rike. Han sette borna først. Vi



Stein Oltedal, fungerande sokneprest i Vik.

døyper borna våre, men vi tilrettelegg ikkje gudstenestene våre for dei.

Eg ynskjer hjelp og innspel til at alle våre gudstenester kan bli meir barne- og familievenlege!

NOKRE TIPS

- Leikekroken er ofte heilt bak i kyrkja. Set deg på 1. benk i kyrkja med barnet ditt, då kan det fylgje med. Gå ein tur rundt i kyrkja, når barnet treng forandring, finn noko å sjå på og aktivisere barnet med, eller gå ut eller heim når det passar barnet. Gjer gjerne ei avtale med barnet før gudstenesta, om at ein ikkje må vere der til siste slutt i gudstenesta.
- Etterlys i gudstenestene ei barnesalme, ark og teiknesaker til å aktivisere barna med. Det fins i kyrkja barnebøker å sjå i.
- Ta med barnet fram til nattverd, ingen er for små, då får dei oppleve. Presten kan lyse velsigning over barnet, i staden for å få vin og brød.

Krista Revsbach er organist i Vik. På biletet står ho med eit hefte som ho har laga.

Krista er dansk og har arbeidd som organist i Danmark. I den tida har ho laga fleire ulike kyrkjemusikk-spel, både for vaksne og barn. Spela blei oppførde i kyrkjelyden hennar. No tenkjer vi på kyrkjekontoret i Vik at det hadde vore spennande å prøve å framføre noko av dette hos oss.

Heftet som vi vil prøve på til påske heiter:
«PÅSKESPIL. Hvorfor hedder det Palmesøndag? Skærtorsdag? Langfredag? Påske? Et syngespill i 5 akter til skole og kirke.»

Vi har ikkje barnekor til å øve spelet inn med, men vi har barn som er glade i å synge. Men vi må finne ein som har greie på noter og rytme, til å omsette barnemusicalen frå dansk til nynorsk.

Klarer vi å få dette til?



Krista Revsbach, organist i Vik, med heftet «Påskespil».

►► Prestens refleksjonar
fortsetter på neste side.

An advertisement for 'Kirkens SOS' (The Church's SOS). It features a close-up of a woman's face on the left. The background is a teal color with a dark blue brushstroke effect. The text is in white and yellow. At the bottom left is the 'KIRKENS SOS' logo. At the bottom right is the website 'soschat.no' with a diamond symbol.

**TRENGER DU NOKON
Å SNAKKE MED?**

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 ♦ soschat.no

KIRKENS SOS

Å vere konfirmant i Vik

Konfirmantane våre kjem til gudsteneste og undervisning med sine spørsmål og sin tvil.

Korleis får ein til å tru?
Kan ein møte / oppleve Gud? Er kristentru det same som barnetru?
Korleis kan trua vekse og bli slik at ho kan fylle vaksenlivet og møte alle utfordringane og påkjenningane livet gjev?

Vi tilsette i kyrkja, som inviterer til konfirmantåret, har bruk for ein kyrkjelyd som tek godt imot konfirmantane og som bed for dei og dei som underviser.

Skriv ned namn på nokon av konfirmantane frå lista og hugs på dei.

NAMNA PÅ KONFIRMANTANE I VIK DENNE VINTEREN

Sigurd Opheimshaug Moheim
Sara Emilie Heggnes
Sander Hov Grindedal
Mathea Bakkebø Skogsrud
Lucas André Stenen
Live Tistel Grov
Lars Hønsi
Johannes Solheim Refsdal
Isak Bettum
Ines Husabø
Hedda Helleland Tistel
Guro Mårdalen Tistel
Fride Mathilde Holen
Enok Francis Wang
Dag Henning Skjerven
Aurora Fosse Hove
Amalie Tenold



14. september ble de nye konfirmanter presentert for kyrkjelyden på Kyrkjestova i lag med konfirmantprest Runar Matsui-Li.

KONKURRANSAR

SOMMARKONKURRANSENS

VINNAR, Udvin Breilid frå Lærdal, mottok - via eit familiemedlem - ei skjærefjøl med gamalost og andre ostar for sitt rette svar.



HAUSTKONKURRANSE LØYSING:

Kristusfiguren med kongekrone finn ein i Hove kyrkje, saman med Hovemadonnaen.

Den heldige vinnar, som kan hente ein premie ved henvendelse til kyrkjekontoret (ring 479 77 806), vart:

Kårhild Melheim Rinde, Vik i Sogn

NY VINTER-KONKURRANSE

I kva for ei av kommunens mange kyrkjer finn du dette tekstilbilde av ei due, som symboliserer Helligånden?



Svar innan 1. februar til kristarevsbech@gmail.com



Barnas

Vits:

Veit du kva som
er meitemarkens
favorittsong?
Svar: Deilig er
jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe
gjetarane å finne
vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FARGELEGG



FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet
i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men
kan du finne dei fem feila på biletet under?



Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2
også vidare.
Kva gøymmer
seg her?



Søndagsskolen – mer enn du tror

Døpte:

Arnafjord:

10.08.2025 Agnes Engum

Feios:

24.08.2025 Maiken Tøndevold Rinde

Hove:

24.08.2025 Eli Daltveit Bratberg

24.08.2025 Selma Wold

Vangsnes:

30.08.2025 Lucas André Stenen

Vik:

14.09.2025 Johanne Harbakk

27.09.2025 Ellinor Riiber Vikdal

27.09.2025 Jonas Stadheim Frisell

19.10.2025 Ylva Kvåle-Rynning

19.10.2025 Skage Bø Holen

19.10.2025 Vårin Lundeland Skeie



Uigde

Arnafjord:

23.08.2025 Rayhonor Charlie Smith og Louis Stephen Goody

Vangsnes:

02.08.2025 Ada Kristin Tryti Moe og Jørgen Istad Skinnnes

30.08.2025 Sylvia Holm Vikarsdottir og Kåre Salbu

Gravferd – urnenedsetjing:

Feios:

21.08.2025 Olga Sætre f. 1934

Vik:

28.08.2025 Lilly Hove f. 1933

29.08.2025 Bjarne Karl Bjørnstad f. 1945

05.09.2025 Gunnar Tistel f. 1957

17.09.2025 Harald N Hove f. 1931

19.09.2025 Bernt Fridell f. 1926

02.10.2025 Olga Refsdal Atterås f. 1933

10.10.2025 Laila Grønbæk f. 1930

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806

E-POST: KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Turid K. Brekke

e-post: turid.kristine.brekke@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 479 77 806

tlf. 922 28 593

KONTORTID

kl. 10–15, man–ons

Kyrkjelydsarbeider

Marit J. Andersen

tlf. 906 86 227

Fungerande sokneprest i Vik

Stein Oltedal

tlf. 970 08 600

e-post: steinoltedal4@gmail.com

Sokneprest Balestrand og konfirmant- og fengselsprest i Vik

Runar Marsui-Li

tlf. 488 90 086

e-post: RM677@kyrkja.no

Organist

Krista Revsbech

tlf. 921 61 625

e-post: kristarevsbech@gmail.com

Leiande kyrkjetenar

Nils Kvamme

tlf. 957 30 615

e-post: nils.kvamme@vik.kommune.no

Kyrkjetenar i Vik, Vangsnes og Arnafjord

Jonathan Nahayo

tlf. 941 71 504

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

tlf. 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Arne-Olav Lien Bardølsgård

tlf. 995 52 549

SOKNERÅD

Soknerådsleiar Arnafjord:

Endre Nese

tlf. 415 10 401

Soknerådsleiar Feios:

Arnstein Linde

tlf. 909 30 320

Soknerådsleiar Fresvik:

Kirsten Johanne Bøtun

tlf. 951 49 366

Soknerådsleiar Vangsnes:

Tommy Halset

tlf. 909 12 621

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad

tlf. 905 33 581

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Solrun Skogheim

tlf. 952 26 003

Utleige Kyrkjestova:

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

VELKOMMEN TIL KYRKJE

16. nov kl. 11.00 Vik	23.s. i treeining. Matt 24, 35-44 Familiegudsteneste v/ Stein Oltedal
30. nov kl. 17.00 Feios kl. 19.00 Vik	1.s. i advent. Matt 21, 1-11 Lysmesse v/ Stein Oltedal Lysmesse v/ Stein Oltedal
14. des kl. 11.00 Vangsnes kl. 19.00 Vik	3.s. i advent. Matt 11, 2-11 Gudsteneste v/ Stein Oltedal Konsert med 9 lesingar v/ Vidar Vikøren og Arne Olden-Wikestad
24. des kl. 12.00 Fresvik kl. 14.00 Vangsnes kl. 16.00 Vik	Julaftan. Luk 2, 1-20 Julaftangudsteneste v/ Kjell Olav Nordheim Julaftangudsteneste v/ Kjell Olav Nordheim Julaftangudsteneste v/ Kjell Olav Nordheim
25. des kl. 12.00 Vik kl. 16.00 Arnafjord	Juledag. Joh 1, 1-14 Høgtidsgudsteneste Høgtidsgudsteneste
31. des kl. 16.00 Vik	Nyttårsaftan. Luk 13, 6-9 Nyttårgudsteneste v/ Anders Hove
18. jan kl. 11.00 Vik kl. 16.00 Fresvik	3.s. i openb. Joh 2, 1-11 Gudsteneste v/ Stein Oltedal Gudsteneste v/ Stein Oltedal
25. jan kl. 11.00 Arnafjord kl. 16.00 Feios	4.s. i openb. Luk 18, 35-43 Gudsteneste v/ Stein Oltedal Familiegudsteneste v/ Stein Oltedal
01. feb kl. 11.00 Vik	Såmannssøndag. Luk 8, 4-15 Gudsteneste v/ Stein Oltedal
15. feb kl. 11.00 Vik kl. 16.00 Vangsnes	Fastelavn. Joh 17, 20-26 Gudsteneste v/ Stein Oltedal Gudsteneste v/ Stein Oltedal
22. feb kl. 11.00 Fresvik	1.s. i fastetida. Matt 4, 1-11 Familiegudsteneste v/ Stein Oltedal
01. mar kl. 11.00 Feios kl. 16.00 Vik	2.s. i fastetida. Matt 15, 21-28 Gudsteneste v/ Stein Oltedal Gudsteneste v/ Stein Oltedal
22. mar kl. 11.00 Vik	Maria' Bodskapsdag. Luk 1, 26-38 Samtalegudsteneste / fasteaksjonsgudsteneste

INFORMASJON

UTGJEVAR	Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK	Printfarm AS
BLADSTYRAR	Krista Revsbech
KASSERAR	Sylvi Nummedal
BLADPENGAR	Kr. 200,- pr. år
BANKGIRONR	38003011558

VELKOMEN TIL KYRKJE

29. mar	Palmesøndag. Joh 12, 12-24
kl. 11.00 Fresvik	Gudsteneste v/ Stein Oltedal
kl. 16.00 Feios	Gudsteneste v/ Stein Oltedal
02. apr	Skjærtorsdag. Matt 26, 17-30
kl. 11.00 Vangsnes*	Gudsteneste v/ Stein Oltedal
03. apr	Langfredag. "Bach i den stille veka"
kl. 19.00 Vik	Orgelkonsert med tekstlesingar v. Vidar Vikøren og liturg.
05. apr	Påskedag. Luk 24, 1-9
kl. 11.00 Vik	Høgtidsgudsteneste v/ Stein Oltedal
kl. 16.00 Arnafjord	Høgtidsgudsteneste v/ Stein Oltedal
19. apr	3.s. i påsketida. Joh 10, 11-18
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/ Stein Oltedal

*Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista.
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.*

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

KYRKJESKYSS

Arnafjord:	Ring leiar Endre Nese	tlf. 415 10 401
Feios:	Ring leiar Arnstein Linde	tlf. 909 30 320
Fresvik:	Ring leiar Kirsten Johanne Bøtun	tlf. 951 49 366
Vangsnes:	Ring leiar Tommy Halset	tlf. 909 12 621
Vik:	Ring leiar Reidunn Bolstad	tlf. 905 33 581